

# Årsmelding

## Hareidsstemna

15.-24. oktober 2010



**Stemmeleiing:** Arild Grimstad, Kari Janne Ringstad.

**Styre:** Hans Otto Øvrelid (leiar), Harry Fjelle, Evy Ann Sundgot, Kjell Arne Utgård.

**Vara:** Dag Brekke, Bodil Røyset.

**Kasserar:** Vigdis Riise.

**Valnemnd:** Turid Engen, Lidvard Grimstad, Elisabeth Warpe.



## Styret sitt arbeid

Det har vore 12 styremøte i 2010. Styret har handsama økonomiske rammer, budsjettreguleringar, arbeidsflyt, praktisk arbeidsdeling og evaluering av stemna. Styremedlemene har elles vore aktivt med på alle arrangementa i regi av nemnda.

## Opninga



Den offisielle opninga av Hareidsstemna 2010 var lagt inn i programmet kring opninga av Hareid kunstlag si stemneutstilling. Silje Brandal Coughlan stod føre den offisielle opninga. Dette synest vi var friskt gjort av ein 12 åring. Årets tema var PUST og Silje vart årets friske pust inni Hareidsstemna. ”Kultur er ikkje medfødt, det må lærast”, sa Silje i talen sin m.a.



Utstillar var biletkunstnaren Marita Bett Jensen. Ho presenterte abstrakte måleri. Nadia Demirova, Astrid Dagestad og Peter Demirov underheldt med vakre klassiske musikknummer.

## Stemneprogram 2010

fr. 15.okt. 2010	19.00	Konsert - Bigset Blandakor	Hareidhallen
la. 16.okt. 2010	12.00	Blomar og song ved JHG-statua	Parken
la. 16.okt. 2010	17.00	Offisiell opning	Rådhusalen
la. 16.okt. 2010	17.00	Opning av kunstutstilling	Rådhusalen
la. 16.okt. 2010	20.00	Vokalgruppa PUST	Hareidhallen



# Hareidsstemna

15.-24. oktober 2010



su. 17.okt. 2010	11.00	Gudsteneste	Hareid kyrkje
su. 17.okt. 2010	13.00	Kulturvandring	Rotarystien
su. 17.okt. 2010	16.00 - 18.00	Kunstutstillinga er open	Rådhusalen
su. 17.okt. 2010	16.00	Hamar Musikkorps/ Jernbanens Musik- korps Hamar	Hareidhallen
må. 18.okt. 2010	16.30	Konsert med Kirsti Sparboe og Per Husby	Hadartun
må. 18.okt. 2010	18.00 - 20.00	Kunstutstillinga er open	Rådhusalen
må. 18.okt. 2010	18.00	Tryllekonserten Hokus & Pokus II	Hareidhallen



ty. 19.okt. 2010	18.00 - 20.00	Kunstutstillinga er open	Rådhusalen
ty. 19.okt. 2010	19.00	Ballegove	Holesanden



on. 20.okt. 2010	18.00 - 20.00	Kunstutstillinga er open	Rådhusalen
on. 20.okt. 2010	19.00	”Sitte på trapp” - Mini-musikal med musikk- og kulturskulen	Hareidhallen

# Hareidsstemna

15.-24. oktober 2010



on. 20.okt. 2010	19.00	Ishavskveld	Ishavsmuseet
to. 21.okt. 2010	18.00 - 20.00	Kunstutstillinga er open	Rådhusalen
to. 21.okt. 2010	18.00	Ungdomskveld	Hareidhallen
fr. 22.okt. 2010	16.30 - 18.00	Song- og lyrikktime med Grimstadkoret	Hadartun
fr. 22.okt. 2010	18.00 - 20.00	Kunstutstillinga er open	Rådhusalen



fr. 22.okt. 2010	20.00	Konsert, Ole Edvard Antonsen	Hareidhallen
la. 23.okt. 2010	12.00	Opplevingsparken	Parken
la. 23.okt. 2010	14.00	Snipsøyrvatnet rundt	Snipsøyr dalen
la. 23.okt. 2010	14.00	Ope hus i Rasofielgarden m/ minikonsert	Rasofielgarden
la. 23.okt. 2010	16.00 - 18.00	Kunstutstillinga er open	Rådhusalen



# Hareidsstemna

15.-24. oktober 2010



la. 23.okt. 2010	19.00	Stemnefest	Hareidhallen
su. 24.okt. 2010	11.00	Festgudsteneste	Hareid kyrkje
su. 24.okt. 2010	16.00 - 18.00	Kunstutstillinga er open	Rådhusalen
su. 24.okt. 2010	17.00	Konsert, Vyrde og Vox Virorum	Hareidhallen

## Kommentar til programmet

Tilbakemeldingane har vore svært positive. Det vart også dette året eit vellykka stemnearrangement. Nemnda hadde sett saman eit rikhaldig program med noko for alle aldersgrupper og interesser.

Årets stemne hadde tilsaman 30 arrangement, derav 10 konsertar.

Publikum såg ut til å storkose seg då Bigset blandakor fredagskvelden tjuvstarta opninga av Hareidsstemna. Koret presenterte glimt frå konsertar og tema gjennom koret si 30-årige historie.

Hareid blandakor song og la blomar ved statua til Johan H. Grimstad.

Hamar Musikkorps/Jernbanens Musikkorps Hamar marsjerte og spelte i sentrum av Hareid.

Vokalgruppa PUST er blant dei fremste vokalgrupper i Norge i dag. Laurdag fekk vi oppleve ein vokalsjarm og stemmeleik heilt utanom det vanlige.

”Så seile vi på Mjøsa” til ”Ut mot havet”

Hamar Musikkorps/Jernbanens Musikkorps Hamar i samspel med samansett kor med songarar frå Hemingen, Bigset blandakor, Hareid Kammerkor og Vox Virorum og lokale solistar som Atle Gjerde og Five Beats, Ann Cecilie Skundberg og Truls Håbakk, framførte ein konsert med høg standard og velklang. Primus motor for konserten var Audun Garshol, som lenge har hatt ein draum om å kome tilbake med korpset han er styreleiar for.

Bebuarane ved Hadartun fekk også i år oppleve lyrikk og malmfull mannskorsong ved Grimstadkoret.

I år kunne vi tilby eit triveleg gjenhøyr med to nestorar innan norsk musikkliv. Kirsti Sparboe og Per Husby kasta glans over Hadartun då dei heldt ein eksklusiv konsert for bebruarane og deira kjende.

Musikklaget Melshorn arrangerte for andre året på rad tryllekonserten ”Hokus & Pokus”. Dette til glede for både små og store.

Ballegova i regi av Hareid Mållag, og Ishavskvelden på Ishavsmuseet, med Ulf Prytz som kåsør, vart også i år gjennomført etter god gammal tradisjon og med godt frammøte.

Elevar ved Musikk- og kulturskulen, ilag med 4. og 5. klasse ved Hareid skule, framførte ”Sitte på trapp”, ein minimusikal basert på songar av Kai Lennart Johansen og tekst/forteljing av Kristine Hareide. Orkesteret var samansett av lærarar frå Musikk- og kulturskulen.



Ungdomskveld gir pengar til Polen-tur. Det var også i år 9. klasse ved Hareid ungdomsskule som arrangerte ungdomskveld. I tillegg deltok dei med sal av mat under Hareidsstemna sin stemnefest.

Det var stemningsfullt då Rotarypresident Vigdis Riise leda ei gruppe på Rotarystien. Her fekk dei høyre om livet langs Hareidselva og planar for vidare utbygging av stien.

Dei frammøtte fekk ei triveleg stund på Vonheim stemnelaudagen. Historikar Ingvil Eilertsen Grimstad fortalde og synte bilete av eldre hus i Hareid. Inge Røren las dikt og Roger Wagland spelte gitar medan han song til.

*”Ole Edvard Antonsen gav publikum gåsehud”*, sitat frå Vikebladet/Vestposten.

Ole Edvard og ensemblet hans gjorde lykke i Hareidhallen med ”Musikalsk landskap”, fredag kveld. Noko av det største ein musikal eller komponist kan oppnå gjennom musikk er når lyttaren blir ført inn i ulike stemningar og kan visualisere eller uttrykke indre så vel som ytre landskap. Musikk kan uttrykke meir enn ord, fordi den går direkte til hjerte og sjel. Publikum fekk ei unik oppleving av nærleik og varme i det Ole Edvard formidla denne kvelden.

## Festen

Stemnefesten er høgdepunktet i Hareidsstemna. Anne Holstad losa festen i hamn på meisterleg vis. Med humor og alvor batt ho programmet i hop og krydra det med dikt og ord om temaet for kvelden, som var PUST.

Inge Eidsvåg var årets stemnetalar. Han åtvare mot den auka individualiseringa, og slo eit slag for fellesskapen.

Maria Parr las frå boka si: Tonje Glimmerdal. Både born og vaksne levde seg inn i teksten ho framførte.





# Hareidsstemna

15.-24. oktober 2010



Dei som nok sjarmerste festlyden mest denne kvelden, var brørne frå Levanger, Elias, Andreas, Markus og Daniel, som saman med far sin Erlend Grimstad spelte fele ilag. Dei kallar seg Grimstadgutane.

Fredrik Steen hadde humorinnslag.

Musikk- og kulturskulen deltok ilag med 4. og 5. klasse ved Hareid skule, med innslag frå "Sitte på trapp."

Merete Brandal Godø framførte jazz ilag med muskarane Odbjørn Blindheim, Terje Venås og Eyvind Wahlen orkester.



Tore Veum framførte vakker musikk på trompet, akkompagnert av Terje Tjervåg på piano.

Unge Olav Egge Brandal framførte Edvard Grieg sitt pianostykke "Bryllupsdag på Trollhaugen". Olav er eit talent vi kjem til å høyre meir frå i framtida.



Kulturprisen gjekk dette året til Gunmar Grimstad for lang og tru teneste m.a. for speidararbeidet i Hareid.

Heider og blommar vart tildelt Andreas Bjåstad, Ågot Riise, Severin Ulstein og Kirsti Melhus.



"Vyrdsam jubileumskonsert" var siste konsert under Hareidsstemna. Vyrde Mannskor feira 20-årsjubileum i 2010. Denne dagen hadde dei også fått med seg Vox Virorum. På denne konserten var det berre å setje seg ned, senke skuldrane og nyte mannskorsong av høg kvalitet.



## Stemnekunst og profilering



Iranske Chnor Akbarpor, fekk i oppdrag å lage årets stemnekunstverk. Dette biletet vart overrekt til lokale og gjestande aktørar som takk, og som eit synleg minne frå Hareidsstemna 2010.

Vi fekk også dette året designhjelp til profilering av stemna frå Kristina Grimstad. Rolf Magnus Orø hadde regien på festen, og Lydkjellaren hadde ansvaret for lyd og scene.

Styret vil med dette rette ei stor takk til bedrifter som støttar Hareidsstemna økonomisk, og gjer det muleg for oss å satse på 50-årsjubileum i 2011.

Hareid 22. februar 2011.02.16

*Hans Otto Øvrelid*  
(leiar)

*Evy Ann Sundgot*  
(med.)

*Harry Fjelle*  
(medl.)

*Kjell Arne Utgård*  
(medl.)